


REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE TIL PLANSAKER



Referatmalen skal bli fyllt ut før og under oppstartsmøtet. Referatet skal bli godkjent av partane.

Arbeidstittel (adresse): Detaljregulering for Austevoll Laksepakkeri, Storebø	
Plantype:	
<input type="checkbox"/> Områderegulering <input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering <input type="checkbox"/> Ordinær reguleringsendring	
Gjeldande plan: <input type="checkbox"/> Mindre vesentlig reguleringsendring Gjeldande plan: <input type="checkbox"/> Reguleringsplan med krav om konsekvensutredning og planprogram	
Eigedom (gnr./bnr.): 43/99 m.fl.	
Saksnummer: 21/362	PlanID: 20210004
Sakshandsamar: Malin Olivia Hovland	
Planinitiativ motteke: 25.02.21	
Møtestad: Digitalt møte - Teams	Møtedato: 10.03.21
Deltakarar	
Plankonsulent: A/STAB v/ Magnus Meinert og Trine Sjursen.	
Forslagsstillar: Austevoll laksepakkeri AS v/ Ivar Helge Melingen, Kjetil Løvaas, Jon Anders Birkeland og Per Kristian Bjånesøy.	

Kommunen:

Morten Storebø, ordfører og leiar av utval for plan- og byggesaker,

Sunniva Skålens Samdal, plan- og byggesakssjef,

Malin Olivia Hovland, konsulent.

1. Planforslaget oppsummert

Planlagde arealføremål: industri

Tiltak: Utviding av eksisterande industriverksemd for Austevoll Laksepakkeri AS. Det er planlagd eitt eller fleire industribygger, kai og tilhøyrande anlegg. Nybygg er planlagd med ein maksimal BYA på om lag 9 000 m², og ein maksimal mønehøgde på 15 meter.

Total utbygging: inntil ca. 18 500 kvm næringsareal.

Det er lagt ved illustrasjoner av maksimal tiltenkt utbygging ved førespurnad om oppstartsmøte.

Storleik på planområdet: 71 daa inkludert eksisterande næringsbygg.

I møtet blei følgande diskutert:

Planavgrensing:

Områdereguleringsplanen stiller krav til detaljregulering av heile delområder. I innsendt planavgrensing har konsulent teke med delområde BI1, BI2, BAA1 og KBA1, i tillegg til naudsnyt hamneområde og akvakulturområde i sjø.

Kommunen vurderte at det ikkje var behov for å inkludere delområda BAA1 og KBA1 i dette planarbeidet. Desse delområda har ikkje krav til detaljreguleringsplan. I tillegg opplyste forslagsstillar om at det ikkje er planlagt nye tiltak innanfor delområda.

Kommunen vurderte at delområda kunne bli teke ut og at områdereguleringsplanen kunne få gjelde for BAA1 og KBA1.

Forslagsstillar ynskja å ta ut delar av BI1 frå planområdet (gbnr. 43/173). Denne eigedomen er ein bustadeigedom. I følgje forslagsstillar vil ikkje eigar vere med i detaljreguleringa, og det er heller ikkje eit behov for utvikling av dette arealet.

Administrasjonen vurderte det som uheldig at det blir gjenståande ein del av delområde med plankrav. Det var lagt fram at arealet i staden kunne bli regulert til vegetasjonsskjerm.

Partane blei likevel samde om at sidan det ikkje er konkrete planar om bygging på eigedomen, og forslagsstillar ikkje har behov for ytterlegare areal, kunne gbnr. 43/173 bli teke ut av planområdet. Områdereguleringsplanen har regulert eigedomen til industri i

tilknyting til fiskepakkeriet. Dersom fiskepakkeriet ikkje treng arealet er det ikkje vurdert som hensiktsmessig å ta med arealet i reguleringsplanen.

Møtepartane blei vidare samde om å utvide plangrensa til å omfatte parkeringsareal aust for Bjånesøyvegen, og o_SKV7 med tilhøyrande fortau. Forslagsstilla ynskja vidare å sjå på moglegheita til å flytte fortau til den vestre sida av kommunal veg.

Rekkefølgekrav i områdereguleringsplanen:

Områdereguleringsplanen stiller krav til opparbeiding av teknisk infrastruktur før det kan bli gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest. For BI1-2 gjeld følgjande krav:

- o_SKV7 og o_SKV9 med tilhøyrande fortau, o_SF
- o_SKV1 og o_SKV8 med tilhøyrande fortau, o_SF
- o_SGS3
- o_SGS 1, o_SGS10 og o_SGS11

Forslagsstilla og plankonsulent vurderte at rekkefølgekrava var urimeleg tyngande og eit hinder for utvikling av eksisterande industriverksemd. Kommunen vurderte at enkelte av rekkefølgekrava ikkje har ein naturleg samanheng med tiltak etter planen.

Kommunen ynskjer ikkje auka tungtransport ned på «Hippakaien» ved svømmehallen og vidare mot Gråsidualsvegen. Forslagsstilla vurderte at den aktuelle køyrevegen til/frå området er fv. 546, fv. 5141 og deretter langs kommunal veg *Bjånesøyvegen*. Trafikk generert av verksemda vil vidare strekke seg frå Storebø til Hufthamar.

På bakgrunn av planinitiativet som ligg føre var det kommunen si vurdering at rekkefølgekrav knytt til o_SKV7 (Bjånesøyvegen) og o_SKV8 (Prestanesvegen) med tilhøyrande fortau o_SF må vidareførast i planforslaget.

Det er politisk vedteke at kommunen skal etablere fortau langs o_SKV8. Kommunen forslø at det arbeidast parallellt med ein offentleg/privat avtale mellom forslagsstilla og kommunen for oppfyllelse av rekkefølgekravet der forslagsstilla dekka kostnadane knytt til vegutbetring, mens kommunen ferdigstilte fortau i tråd med vedtak i kommunestyret.

Forslagsstilla kom med innspel om at slik fortauet til o_SKV7 er regulert ikkje er gjennomførbart. Administrasjonen ser det som særleg viktig å etablere fortau, då det er store utbyggingsområder lenger ut mot Bjånes, og vegen er ein del av ein lokal rundtur nytta av lokalbefolkninga.

Partane var samde om at tryggleiken til mjuke trafikantar er svært viktig, men det var likevel lagt fram for kommunen at opparbeiding av fortau som regulert vil krevje store terrenginngrep. Det var vurdert som mogleg at ein ikkje kunne oppnå 2 m breidt fortau langs heile strekket. Det blei difor avtalt at det skal haldast synfaring 18. mars, der det skal bli diskutert moglege løysinger.

For å gjere dei naudsynte utbetriringane av vegnettet blir det naudsynt å erverve delar av eigedomane 43/555, 43/23 og 34/37. Oreigning kan difor bli tema, dersom ein ikkje kjem fram til ein minneleg avtale med grunneigar.

Utbyggingsrekkefølge:

Forslagsstiller har planar om ei trinnvis utbygging. Det er opna for BYA på 80% i tråd med områdereguleringsplanen, men i første omgang er det planlagt eit tilbygg til eksisterande bygg på Bl1.

Parallel plan- og byggesaksbehandling

Det blei diskutert høve til å gjennomføre plan- og byggesak parallellt. Kommunen er positiv til dette om det er ønskjeleg for forslagsstiller.

Fordelen med parallel behandling er at ein kan gå i gong med tiltaket så snart planen er godkjent.

Ulempene er at byggesaksdokumenta må ligge ved offentleg ettersyn av planforslaget. Det er ein risiko for at det blir eit dyrare alternativ dersom det er behov for justeringar som følgje av innkomne merknader. I tillegg vil ein byggesak regulere det konkrete tiltaket. Altså vil det gi meir slingringsmonn for endringar i framtida å detaljregulere først, og søke inn tiltaket etterpå.

Forslagsstiller skulle diskutere tema internt og kome tilbake til kommunen viss dette likevel er ønskjeleg.

Anna:

Forslagsstiller opplyste avslutningsvis om planar dei har for eksisterande bygningsmasse innanfor planområdet. Det er ønskje om å utføre søknadspliktige tiltak, så spørsmålet var om det er mogleg å gjennomføre desse sjølv om ein er i ein planprosess. Plan- og byggesaksjefen skulle vurdere om dispensasjon frå plankrav vil bli naudsynt når ein byggesøknad kjem inn.

- Forslagsstiller krev at uenighet blir lagt fram for politisk utval for avgjørsle

2. Planstatus

Plan	Føremål	Vedtaksdato
<input type="checkbox"/> Fylkes(del)plan		
<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplanens arealdel		18.06.2013
<input type="checkbox"/> Kommunedelplan		
<input checked="" type="checkbox"/> Regulareringsplan		20.05.2020

<p>Områdereguleringsplan Storebø Sentrum (PlanID 20150016)</p>	<p>Industri/Angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål/ Kombinert bebyggelse og anleggsformål/ akvakulturanlegg i sjø og vassdrag/ hamneområde i sjø.</p>
<p><input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan</p>	
<p>Andre planar/vedtak</p>	
<p>Anna planarbeid som kan ha innverknad for utarbeiding av planforslag:</p>	
<p><input type="checkbox"/> Klimaplan for Hordaland (2014-2030) <input checked="" type="checkbox"/> Næringsplan <input type="checkbox"/> Regional transportplan for Hordaland (RTP) (2018-2029) <input checked="" type="checkbox"/> Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) <input type="checkbox"/> Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025) <input checked="" type="checkbox"/> Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger (2015-2025)</p>	
<p>Relevante planretningsliner:</p>	
<p><input checked="" type="checkbox"/> Samordna areal- og transportplanlegging <input type="checkbox"/> Barn og planlegging <input checked="" type="checkbox"/> Riks- og fylkesvegar <input type="checkbox"/> Verna vassdrag <input type="checkbox"/> Arealbruk i flystøysoner <input checked="" type="checkbox"/> Statlige planretningslinjer for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen <input checked="" type="checkbox"/> Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning <input type="checkbox"/> Andre <input checked="" type="checkbox"/> Planforslag vil samsvare med overordna plan <input type="checkbox"/> Planforslag vil <u>ikkje</u> samsvara med overordna plan</p>	
<p>Merknadar: Områdereguleringsplanen gjeld føre KPA. Det er lagt opp til heilt eller delvis føre vidare rammene satt i områdeplanen.</p>	
<p>Konsekvensutgreiing:</p>	
<p><input type="checkbox"/> Planen utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om KU, jf. pbl. § 4-2. <input type="checkbox"/> Forslag til planprogram blir sendt på høyring samtidig med varsel om oppstart, jf. pbl. § 4-1.</p>	
<p>Merknadar:</p>	

Vurderinga er at planforslaget ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing.

Områdereguleringsplanen for Storebø er konsekvensutgreidd for det ønska tiltaket. Tiltaket er vidare i tråd med områdereguleringsplanen. Planforslaget går difor under unntaket i § 6 bokstav b i KU-forskrifta: det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i tidligare plan og er i samsvar med denne tidligere planen.

Sjølv om planforslaget ikkje utløyser krav om KU skal planskildringa innehalde ei vurdering av konsekvensane av planforslaget. Sidan planområdet ligg ved sjøen må konsekvensane for strandsona bli vurdert. I tillegg vil det vere naudsynt å vurdere temaar som trafikk og trafikktryggleik, påverknadar på nærmiljø, samfunnsverknadar og forureining (herunder støy). Tema må bli drøfta opp mot planlagte tiltak og verksemde, men må ikkje vere eit separat punkt i planskildringa.

Kommunen understreka at samfunnsverknadane er det sterkeste argumentet for utbygging av planområdet. Det er difor viktig å få dette fram i planskildringa.

3. Kommunale vedtekter og retningslinjer som gjeld for planområde:

- | | |
|---|--|
| <input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter | Gjeldande områdereguleringsplan stiller rekkefølgekrav til tiltak. Sjå vurdering og diskusjon ovanfor. |
| <input type="checkbox"/> Kommunale retningslinjer/ målsetjing | |
| <input type="checkbox"/> Føresegn og retningslinjer i kommuneplanens arealdel | |

4. Krav til behandling av oppstart

Ved søknad om oppstart skal følgande ligge vedlagt: <ol style="list-style-type: none">1. Revidert planinitiativ med eventuelle endringar etter oppstartsmøte.2. Kartutsnitt med planavgrensing.3. Planavgrensing i gjeldande SOSI-format.	Merknadar:
--	------------

5. Krav til varsel om oppstart av planarbeid

<p>Ansvarleg søker skal varsle oppstart av planarbeidet. Varsel i avis skal innehalde:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kart med avmerka planavgrensing 2. Aktuelle gards- og bruksnummer 3. Planprogram (dersom planen har krav til konsekvensutgreiing) 4. Merknadsfrist 5. Intensjon for reguleringa 6. Informasjon om kor planinitiativ, referat frå førehandskonferanse og oppstartsvedtak med saksframlegg er tilgjengeleg. 7. Kontaktinformasjon <p>Brev til grunneigarar, offentlege etatar og andre råka partar skal innehalde orientering om planforslaget, dagens og framtidig planstatus og føremål:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Oversiktskart som syner planområdets plassering 2. Kart med avmerka planavgrensing 3. Planprogram dersom pbl. § 4-1 trer i kraft 4. Merknadsfrist 5. Intensjon for reguleringa (eit omtrentleg overslag over omfanget til plan – kor mange bustadar, kaiar osb.) 6. Forventa problemstillingar i planen (t.d. vatn og avløp, straumtilknyting, renovasjon, branntilløp eller omsyn til 	<p>Merknadar:</p> <p>Varsel om oppstart skal bli sendt til kommunen for gjennomsyn før utsending.</p>
---	---

<p>kulturminne, trua artar, raudlista artar osb.)</p> <p>7. Vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12</p> <p>8. Behov for utgreiingar/undersøkingar (konsekvensutgreiing)</p> <p>9. Tiltenkt vegtilkomst til planområde (vegtilkomst skal bli tatt med i planområde ved ny regulering)</p> <p>10. Varsel skal opplyse om kor planinitiativ, referat frå førehandskonferanse og oppstartsvedtak med saksframlegg er tilgjengeleg, dersom desse ikkje er vedlagt.</p>	
--	--

6. Informasjon, medverknad og samarbeid i skisefasen	
<input type="checkbox"/> Informasjonsmøte <input type="checkbox"/> Undervegsmøte <input type="checkbox"/> Regionalt planforum er aktuelt <input type="checkbox"/> Andre tiltak	Merknadar:

7. Antatt viktige planfaglege tema for planarbeidet – førebels vurdering	
<input type="checkbox"/> Lokaliseringsfaktorar <input checked="" type="checkbox"/> Fortetting <input type="checkbox"/> Grønstruktur <input checked="" type="checkbox"/> Landskap <input type="checkbox"/> Uklare grenser	<p>Merknadar:</p> <p>Det blir lagt opp til utviding av eksisterande havretta næring.</p> <p>Sidan området stort sett er ferdig planert vil det ikkje bli naudsynt med større terrenginngrep. Det er allereie gitt dispensasjon for ny kai (arkivsak 20/1263).</p>

<p><input checked="" type="checkbox"/> Strandsone</p> <p><input type="checkbox"/> Estetikk og byggeskikk (fjernverknad, fortettingspotensial, utbyggingsmønster, formspråk, sol/ skuggeforhold)</p> <p><input type="checkbox"/> Senterstruktur</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Utbyggingsrekkefølge</p> <p><input type="checkbox"/> Økonomi</p> <p><input type="checkbox"/> Landbruk</p> <p><input type="checkbox"/> Verkeområde jord- og skogbruksloven</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Biologisk mangfold</p> <p><input type="checkbox"/> Naturområde</p> <p><input type="checkbox"/> Friluftsinteresser</p> <p><input type="checkbox"/> Fiskeinteresser</p> <p><input type="checkbox"/> Viltinteresser</p> <p><input type="checkbox"/> Vassdragsforvaltning</p> <p><input type="checkbox"/> Vassforsyning, avløpsforhold</p>	<p>Det blir bygd i strandsona. Konsekvensar må bli vurdert.</p> <p>Det er planlagt tiltak innanfor 25-metersbeltet.</p> <p>Rekkefølgekrav til teknisk infrastruktur.</p> <p>Svartbak (fugl) er registrert i Vestre Storebøvika. Denne er av nasjonal forvaltningsinteresse.</p>
---	---

<input checked="" type="checkbox"/> Strøm <input type="checkbox"/> Hushaldsavfall <input type="checkbox"/> Forureining (luft, vann, grunn støy) <input type="checkbox"/> ENØK <input type="checkbox"/> Kulturlandskap <input type="checkbox"/> Kulturminne <input type="checkbox"/> Verksemdbasert sårbarheit <input type="checkbox"/> Leike- og oppholdsareal <input type="checkbox"/> Område for allmenta <input type="checkbox"/> Utomhusplan	<p>Energiplott i sentrumsplanen.</p>
<input checked="" type="checkbox"/> Trafikkforhold og trafikktryggleik <input type="checkbox"/> Avkjørsler og kryss <input type="checkbox"/> Trafikkplan/ vegutforming <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Omsynssone	<p>Planforslaget vil medføre noko auka trafikk på kort sikt, men kan på lang sikt moglegvis frakte varer m.m. sjøvegen.</p> <p>Trafikkstøy, anlegg, industri.</p> <p>Faresone for flaum.</p>

<input type="checkbox"/> Folkehelse <input type="checkbox"/> Universal utforming <input checked="" type="checkbox"/> Privatrettslege forhold	<p>Det kan bli naudsynt å erverve eigedom for å gjennomføre utbetring av veg.</p>
--	---

8. Krav til planforslag til 1. gongs handsaming – innhald og materiale	
<ol style="list-style-type: none"> 1. Plankart (pdf-fil i riktig målestokk, og siste SOSI-versjon) 2. Vegskjeringar/fyllingar skal vere synt i plankartet. Til dømes stigingsgraden på vegen 3. Reguleringsføresegn (pdf- og word-filer) 4. Planskildring (skal innehalde vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12 og vurdering av statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona dersom planforslaget er innanfor 100-metersbeltet) 5. ROS-analyse (ein skal nytte eigen mal som er utarbeida av kommunen) 6. VA-rammeplan 7. Kopi av kunngjeringsannonse og dato i avis 8. Kopi av innkomne merknader ved oppstart 9. Utfylt sjekkliste for planfaglige tema 10. Eventuelle dispensasjonar skal vere innarbeida i planforslaget 	<p>Merknadar:</p> <p>Plankartet skal syne sideareal til veg, samt skjeringer og fyllingar som anna veggrunn.</p> <p>Tekniske teikningar av veg skal bli sendt inn til kommunen.</p> <p>Utfylt sjekkliste skal ligge ved innsendinga.</p>

<p>11. Privatrettslege forhold skal vere avklart for planlagde tiltak.</p> <ul style="list-style-type: none"> <input checked="" type="checkbox"/> Illustrasjonsmateriale <input checked="" type="checkbox"/> Lengde- og tverrprofil for vegane <input type="checkbox"/> Spesielle utgreiingsbehov/ tilleggsrapport <input type="checkbox"/> Ved uklåre grenser krev kommunen at ein til 1. gongs handsaming gjer ei oppmåling for grensepåvisning 	<p>Det er laga 3D- illustrasjonar av bygg som er tenkt. Desse blir tatt med vidare i saksbehandlinga.</p>
---	---

<p>9. Kart</p> <ul style="list-style-type: none"> <input checked="" type="checkbox"/> AUKAS kan levere digitalt grunnkart (Euref 89). <input type="checkbox"/> Det er behov for oppmåling <input type="checkbox"/> Det vert tilrådd oppmåling av planområdets yttergrense. <p>Plankart</p> <p>Digital framstilling i siste SOSI-standard skal bli godkjent av kommunen før planforslaget kan bli rekna som komplett</p>	<p>Merknadar:</p>
---	-------------------

<p>10. Gjennomføring</p> <p>Kommunaltekniske anlegg</p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Krav om godkjende tekniske planar (vei, vann og avløp) <input type="checkbox"/> Krav om godkjent utomhusplan 	<p>Merknadar:</p>
--	-------------------

- | | |
|---|--|
| <input type="checkbox"/> Tiltaket føreset utbygging/ utbetring av kommunaltekniske anlegg | |
|---|--|

11.Kommunens førebelse vurderingar og føringer

- Tiltrår ikkje oppstart av planarbeidet
- Tiltrår at reguleringsformålet vert fremja som ei plan- og bygningslova § 12-11-sak
- Tiltrår at reguleringsendringa bli behandla som ei forenkla prosess, jf. pbl. §12-14 andre avsnitt.
- Ansvarleg søker oppfyller kravet til fagkyndighet i plan- og bygningslova §12-3.

Merknadar:

12.Overordna framdriftsplan

- Det er informert om saksgangen etter plan- og bygningslova § 12-11.

Sakshandsamingstid er 12 veker frå komplett planforslag er motteke til vedtak i saka:

- Vedtak om oppstart: 12 veker
- Komplett planforslag til 1. gongs handsaming: 12 veker
- Komplett planforslag til 2. gongs handsaming: 12 veker
- Komplett planforslag til endeleg godkjenning: Etter pbl. § 12-12 (1) har kommunestyret frist for å treffe vedtak 12 veker etter at saka er ferdigbehandla av administrasjonen.

- Det er informert om saksgong for forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14.

Sakshandsamingstid er 12 veker frå komplett planforslag er motteke til vedtak:

- Komplett planforslag til kombinert oppstart og 1. gongs handsaming: 12 veker
- Komplett planforslag til endeleg godkjenning: 12 veker til politisk vedtak i Plan- og bygesaksutvalet. Deretter 12 veker til vedtak i kommunestyret, jf. pbl. § 12-12 (1).

Fordi planen er særskilt komplisert og/eller i strid med overordna planar og/eller begge parter er samde om det, skal det avtalast eigen frist for handsaming når fullstendig planforslag blir sendt inn.

Det skal utarbeidast ein eigen avtale for samarbeidet om planen mellom ansvarleg søker og kommunen.

Merknadar:

Sidan planinitiativet er i tråd med kommuneplanen sin arealdel kan oppstart bli vedteke administrativt. Me må dermed ikkje vente på neste møte i kommunestyret, men kan varsle oppstart allereie neste veke. Plankonsulent skal oppdatere plangrensa, og klargjere varslingsmaterialet for gjennomlesing. Saksbehandler skal legge ved naboliste og liste over varslingsinstansar ved utsending av referat. Uttalefrist er fire veker.

Etter frist for uttale er gått ut vil plankonsulent ferdigstille planmateriale og vurdere innkomne merknader. Kommunen vil prioritere behandling av saka grunna hastemoment og dei positive ringverknadane tiltak etter planen vil ha for lokalsamfunnet. Kommunen vil forsøke å behandle saka raskere enn 12 veker. Ved vedtak om offentleg ettersyn er høyringsfrist minimum 6 veker.

Etter eventuelle merknader er vurdert og endringar gjort, håpar kommunen at saka kan bli sendt til endeleg godkjenning av kommunestyret. Klagefrist ved vedtak er 3 veker.

Forslagsstillar bad om at kommunen lagde ein framdriftsplan for når ein kunne forvente endeleg godkjenning av planen. Dette slik at forslagsstillar kan vurdere når dei kan gå i gong med tiltak. Kommunen var positiv til å lage ein førebels framdriftsplan, men bad om at A/Stab oversender informasjon om deira tidsbruk knytt til dei ulike trinna i planprosessen.

13. Gebyr

Handsaming av planforslaget vil bli ilagt gebyr etter kommunens betalingsregulativ for sakshandsaming etter plan- og bygningsloven.

Gjennom søknad om oppstart aksepterar forslagsstillar at planforslaget vil bli ilagt gebyr etter gjeldande betalingsregulativ på det tidspunkt kommunen godkjenner oppstart i medhold av plan- og bygningsloven §12-8.

I samsvar med FOR-2017-12-08-1950 § 8, skal kommunen tilbakebetale forslagsstillar 10% av gebyret i saka for kvar veke fristen blir overskride, maksimalt 10 veker. Dette gjelder saker som er til 1. gongs handsaming og ikkje saker til oppstart, 2. gongs handsaming eller godkjenning.

Fakturaadresse:

Dersom ansvarleg søker ikke oppgir fakturaadresse, vil kommunen sende faktura til ansvarleg søker.

14. Stadfestingar

Referat frå førehandskonferanse til oppstart bygg på opplysningane og dei planfaglege forhold som låg føre på det tidspunktet møtet blei halde. Planfaglege tema og prioriterte utgreiingsbehov for planarbeidet er venta så langt dette har vore mogleg på grunnlag av tilgjengelege opplysningar gitt i planinitiativet og etter interne kommunale avklaringar.

Konklusjonane er derfor førebelse og verken møtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Det blir tatt atterhald om endringar i rammevilkår, i kommunens rutiner og politikk og at nye opplysningar kan føre til endra faglege vurderingar. Naboprotestar, protestar frå bebuerorganisasjoner, krav frå offentlige styresmakter m.m. vil kunne medføre krav om endring av prosjektet og endring av framdrifta for prosjektet.

Dersom avtalte innsendingar ikkje er mottatt i samsvar med avtalt framdrift, utan at det er avtalt nytt tidspunkt for innsending, kan kommunen vurdere saka som uaktuell og etter ein periode, avslutte saka.

Austevoll, 10.03.2021

Plan- og byggesaksavdeling

Malin Olivia Hovland
Plankonsulent